



Stadnamnsamlinga, LLE, UiB, Pb. 7805, 5020 Bergen

Bergen, 7. juli 2014

Til Fylkesarkivet i Hordaland,  
Kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune,  
alle kommunane i Hordaland og  
dei ulike sogelaga i fylket

## Mange titusen kartplasserte stadnamn frå Hordaland tilgjengelege i nettportalen Hordanamn

Stadnamnsamlinga på instituttet LLE (Universitetet i Bergen) har arkivert namnelister med fleire hundre tusen namn frå Hordaland. Kring 250.000 av desse namna er kartfeste (då mest på kopiar av økonomiske kart, ØK). *Kartplasserte namn frå 18 av dei 33 hordalandskommunane er no lagde ut på nettsida Hordanamn. Det dreier seg om rundt rekna 115.000 namn frå kommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Granvin, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Samnanger, Stord, Sund, Tysnes og Øygarden. Namnetilfanget frå Bømlo blir venteleg gjort tilgjengeleg i løpet av hausten.*

### Søkbare namn

På nettsida Hordanamn er det *mogleg å søkja* både på namneformer (heile namn eller aktuelle namneledd) og på andre data som finst i dei ulike namnepostane. Portalen har ei lenke til ei eiga *detaljert brukarretteiing* som vil vera til god hjelp for den som ønskjer ein oversikt over dei søkjemoglegheitene som finst.

### Lydlenker

Mesteparten av dei utlagde namna er lesne inn, og på nettsida finst det ei *lydlenke* til kvart einskilt av dei innlesne namna. (Namna frå Askøy og Lindås er ikkje lesne inn enno. Det same gjeld ein del av dei utlagde namna frå Osterøy kommune.)

Det er laga normerte oppslagsformer til kvart namn. Oppskrivarane sine namneformer er òg blant opplysningane som kjem fram på skjermen når ein har gjort eit søk.

Innsamla namn frå kommunane Fusa, Jondal, Kvam, (ein mindre del av) Radøy, Sveio og Voss er plasserte (koordinatfeste) på digitale kart, men det står att ein del arbeid med desse namna før dei kan leggjust ut på nettet. Så langt er ingen namn koordinatfeste i kommunane Eidfjord, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Odda, Ullensvang, Ulvik og Vaksdal. (Mesteparten av dei innskrivne namna frå Voss er lesne inn.)

Instituttleiinga er takksam for tilbakemeldingar på det som er lagt ut på nettsida Hordanamn. Det er førstemanuensis Ole-Jørgen Johannessen som er redaksjonelt ansvarleg for nettsida. Nettsideadressa er: <http://clu.uni.no/stadnamn/lydkart/> (Alt.: Søk på *Hordanamn*, t. d. i Google.)

Med helsing

Johan Myking  
instituttleiar

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)